

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 10.3.2021 kl.17.00-19.00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattgard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Else Karin Veslegard, Vigdis Moen Storhaug.

Forfall: Birger Bolstad (vara kunne ikkje møte)

Opning: Liv Margit - Håpstango

Saksnr.	Ansvar
19/21	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll.
20/21	Ordning for hovudgudstenesta Dette er eit framhald av sak 50/20 og 10/21. Soknerådet sitt framlegg til bestemmingar for høgmesse: <ol style="list-style-type: none">16. Vi nyttar ikkje den andre delen av fredshelsinga (PAX).17. Ingen endring i bruk av kyrkjeklokkene.18. Hallelujaomkved: nr 977 pkt 519. Bruk av dagens bøn kan avgjerast av liturg, men plasserast i tilfelle som pkt 8 etter Gloria eller dåp. Liturgien for folkemusikk-gudstenestene blir nytta som tidlegare utan endringar. Forenkla gudsteneste skil seg frå høgmesse på følgjande punkt (jmf sak 50/20): Pkt 2: Samlingsbøn alternativ 5 « <i>Gud, du er midt iblant oss. Du omgjev oss på alle sider. Hald oss i di hand. Amen.</i> » Pkt 4: Det kan nyttast ei anna syndvedkjenning og denne kan takast i samband med forbøna etter avgjerd av liturg. Pkt 5: Kyrie blir ikkje nytta. Pkt 7: Vi ynskjer å nytte « <i>Eg trur på Gud Fader, skaparen min. Eg trur på Jesus Kristus, frelsaren min. Eg trur på Den Heilage Ande, hjelparen min i liv og død.</i> ». Ved dåp blir Den Apostoliske truvedkjenninga nytta. Pkt 9: Utgår Vi ynskjer å nytte ein forenkla versjon av nattverd-liturgien. Det blir berre lese ein tekst, og normalt evangelieteksta.
21/21	Evaluering av arbeidet i soknerådet Det skal vere evaluering ein gong i året. <ul style="list-style-type: none">• Høveleg møtefrekvens og -tidspunkt• Mykje å setja seg inn i, men lærerikt• God og kunnskapsrik møteleiing• Føler seg trygg i gruppa, hyggelege møter• Viktig å få eit inntrykk av handlingsrommet• Har tidlegare vurdert om AU skal lage framlegg til vedtak• Vedtak som er gjort i saker bør lesast opp i større grad• Kan vurdere å vise dokument på skjerm for å unngå leiting i eigne papir• Best å møtast fysisk• Bra å halde seg innanfor møterammene• Fokuserer på kva vi gjer og behov for born og unge (møte)• Bør vurdere å kalle inn til møter med Outlook eller Gmail

22/21	Godkjenning av sokna sine reknskap Rekneskap for alle tre sokn vart godkjent under føresetnad at revisor ikkje har vesentlege merknadar. Kyrkjeverja ordnar med revisjon av reknskapa til alle tre sokn.	Kyrkjeverja
23/21	Gudstenester i fjellkyrkja i sommar Misjonssambandet ynskjer å arrangere gudstenester og stiller med prest/liturg og muskar. Soknerådet er positiv til dette.	
24/21	Gudstenester i påska Det er truleg ikkje mogleg å nytte fjellkyrkja fordi vatnet er frose. Men det kan vere ei løysing å vere utandørs. Det bør vere eit værforbehold, og alternativet er inne i Leveld kyrkje dersom ikkje smittereglane blir strengare. Framlegg frå staben: <ul style="list-style-type: none"> • Palmesundag: Vats fjellkyrkje kl 11 (ute) • Skjærtorsdag: Vats fjellkyrkje kl 11 (ute) + Torpo kyrkje kl 11 + Ål kyrkje kl 19 • Langfredag: Nystølkyrkja kl 11 (ute) + Leveld kyrkje kl 19 • Påskedag: Leveld kyrkje kl 10 + Ål kyrkje kl 11 + Nystølhovda 1230 + Kårstugu Det vil truleg vere mogleg å sende gudstenester digitalt, i alle fall frå Ål kyrkje.	Staben
25/21	Meldingar <ol style="list-style-type: none"> Årsmøte i Ål kyrkje 20.4. kl 1800 Utleige av Ål kyrkje og kyrkjestugu til polsk-katolsk gruppe kvar andre laurdag i månaden fram til juni. 	
26/21	Eventuelt Vigdis informerte om praksisen for dåpsgåver frå kyrkja. Kostnaden er totalt kr 312,-. Det er viktig å halde fram med desse gåvene. Ordninga bør heller utvidast enn reduserast. Årlege gåver med besøk av fadder er svært positivt.	
Neste møte: 19.5.2020 kl 1700		
Skrivar: Torfinn Slåtto		